



Fråsegn i samband med høring om framlegg til endringar i Opplæringslova.

Arkivref.: 200706538-3

Institutt for religionsvitenskap
Det samfunnsvitenskaplege fakultet
Universitetet i Tromsø

Tromsø, 31. januar 2008

Til: Kunnskapsdepartementet

Om forslag til endringar i § 2-3a:

Institutt for religionsvitenskap ved Universitetet i Tromsø (IRV) stiller seg positiv til endringa som Departementet føreslår i § 2-3a i Opplæringslova. På bakgrunn av at all religionsvitenskapleg forskning syner stort mangfald av forståingar og praksisar internt i ulike religionar, er endringa som Departementet legg fram eit viktig steg i retning ei større sikring av føresette sin rett til sjølv å avgjere kva som er religionsutøving (og ikkje) for sine born.

For å sikre at føresette i praksis kan utøve denne retten er lovendringa aleine likevel ikkje nok. I føreskrift og revidert læreplan bør det understrekast at føresette må verte informert i detalj "om innhaldet i opplæringa", både når det gjeld tema for undervisninga og pedagogisk/didaktisk opplegg. Berre dersom føresette er informert i detalj om når ein i undervisninga skal gjere kva vil dei vere i stand til å utøve retten sin.

IRV samtykker i at det er tenleg at skuleeigar har eit stort ansvar for at føresette vert informert om fritaksrett og om innhaldet i opplæringa. Samstundes stiller vi oss kritiske til at ikkje ansvaret også vert lagt direkte til dei som i praksis styrer detaljane i undervisninga: rektorar og lærarar. Ein veit at undervisninga i faget har variert frå skule til skule, og med kven som har undervist i faget. Lokal tilpassing og tilpassing til den særskilde elevgruppa er dessutan framheva målsetjingar også frå Departementet si side. Difor burde den einskilde skule (ved rektor) og endatil den einskilde lærar i faget verte gitt eit meir formelt ansvar for å informere føresette om den undervisninga ein driv. Det er i alle høve desse som av praktiske omsyn må utarbeide informasjonen dersom den skal vere detaljert nok til å gjere føresette i stand til å utøve retten sin.

Om framlegg til endringar i § 2-4:

IRV stiller seg også positiv til hovudtrekka i framlegget til endring av § 2-4 i Opplæringslova. Likevel er det eitt aspekt ved framlegget til lovtekst som ein må stille seg kritisk til, og som ein difor tilrår at Departementet gjer om på.

Innvendinga dreier seg om bruken av omgrepet “verdsreligionar”. Kva som reknast som ein “verdsreligion” er omdiskutert, men bruken av eit slikt omgrep vil i alle høve innebære ei utelukking av religionar som ikkje vert rekna som verdsreligionar. Dette er sjølvsagt problematisk i høve til å ivareta minoritetar sine rettar. Heimleg samisk religion vil til dømes vanskeleg kunne falle inn under kategorien “verdsreligion”. Det same gjeld ei rekkje andre religiøse tradisjonar med eit tydeleg lokalt senter men som etter kvart har fått representantar i Noreg, og religionar med få tilhengjarar, nyare religionar og nyreligiøsitet.

Det er sjølvsagt viktig å lære om religionar som har stor utbreiing i verda, men det er også viktig å lære om andre religionar som ein møter i lokale samanhengar, sjølv om desse ikkje har så stor utbreiing. Valet av omgrepet “verdsreligionar” i lovteksten kan altså gi eit uheldig inntrykk av at minoritetsreligionar som ikkje vert rekna som verdsreligionar, ikkje er like viktige eller likeverdige.

IRV gjer difor framlegg om at prefikset *verds-* vert fjerna frå lovteksten, og at ein i staden brukar omgrepet “religionar” utan å avgrense det korkje i den eine eller den andre retninga. Avsnitt 3 av lovteksten vil dermed byrje som følgjer (vårt framlegg til endring i kursiv):

“Den som skal undervise i religion, livssyn og etikk, skal presentere ulike *religionar* og livssyn på [...]”

I tillegg vil IRV tilråde at dei aktuelle tydingane av omgrepa “objektiv”, “kritisk” og “pluralistisk” vert utdjupa og presisert i føreskrifter og rettleiingar som følgjer av lova, samt læreplan.

Objektivitet er sjølvsagt eit ideal som det er viktig å understreke at læraren må streve mot, samstundes som ein ikkje må verte leia til å tru at det er noko fullt ut oppnåeleg. I møte med føresette som måtte oppfatte undervisninga som ikkje objektiv, er denne erkjenninga viktig for å kunne imøtekomme dei.

“Kritikk” er i akademiske samanhengar for eit honnørord å rekne, men i daglegtalet vert det også brukt som ein normativ (negativ) karakteristikk. Dersom omgrepet vert forstått på den sistnemnde måten, kan det i praksis opne for polemikk mot religionar, og vert då ståande nærmast stikk i strid med siste del av same setning, nemleg at religionar skal verte presentert “ut frå deira eigenart”. I tråd med faget og skulen sine intensjonar er det viktig å sikre at alle religionar vert omtala med respekt og på måtar som fremjar forståing. IRV tilrår difor at ein i føreskrifter, rettleiingar og læreplan understrekar at kritikk *ikkje* skal forståast som negative ytringar om særskilde religionar eller delar av særskilde religionar.

Det synest å vere færre feller knytt til bruken av omgrepet “pluralistisk”, men IRV vil likevel påpeike at ein i føreskrifter bør understreke at einskilde religionar sitt indre mangfald skal handsamast og vektleggast i faget.

Kommentar til forskotering av endringar i læreplan:

Sjølv om denne høringsrunden ikkje dreier seg om den nye læreplanen som sidan må kome som ein konsekvens av endringar i lova, vert den likevel kommentert i høringsnotatet frå Departementet (s. 6). Her forskoterar Departementet at læreplanen, “grunnlagt med det kristendommen har hatt å seie historisk og som kulturarv, skal ha meir stoff om kristendommen enn om andre religionar og livssyn”.

Sidan Departementet allereie bringer dette på banen her, vil IRV gjerne nytte høvet til å påpeike det problematiske ved ein argumentasjon som gir kristendommen ein privilegert posisjon i høve til historie og kulturarv. Ein må spørje: Kven sin historie? Og kven sin kulturarv?

Dersom ein opererer med eit historiesyn som tek utgangspunkt i det som opp gjennom tidene har funne stad innanfor grensene til det geografiske området som i dag utgjer staten Noreg, er det viktig å halde fram at kristendom på langt nær har vore einerådande på det religiøse feltet. Frå ein religionshistorisk ståstad er det rett nok ingen tvil om at ulike variantar av kristendom (mange av dei særskjellige innbyrdes) i lange periodar har vore majoriteten sitt religiøse utgangspunkt i det som i dag er Noreg. Men religionshistorisk forskning syner også at det religiøse mangfaldet har vore stort. Samiske og norrøne religiøse tradisjonar (berre for å nemne nokre) har sjølvstøtt vore viktige. Og i nyare fortid har også islam, hinduisme, buddhisme, jødedom og ei rekkje andre religionar og variantar av nyreligiositet vorte del av det historiske og kulturelle landskapet i Noreg.

Også om ein opererer med eit historiesyn som tek utgangspunkt i at den felles historia er summen av historiene til dei levande menneska som til ei kvar tid utgjer staten Noreg (gjennom sitt statsborgarskap, eller gjennom å delta i samfunnet ved til dømes å ha born i skulen), er det opplagt at den felles historia og den felles kulturarven omfattar og inkluderer islam, hinduisme, buddhisme og ei rekkje andre religionar like langt attende i tid som kristendom. Forskjellen er at historia og kulturarven då strekk seg over dei geografiske grensene for det som i dag utgjer staten Noreg. Då inkluderer ein historiene og kulturarven til alle dei som har vorte ein del av det norske samfunnet, i det norske samfunnet sin felles historie og kulturarv.

Argumentet som bygg på påstanden om kristendommen sin privilegerte posisjon i historia ignorerer mangfald og ekskluderer minoritetar. Det gjer at religiøse minoritetar vert gjort usynlege i forteljingar om fortida. Det gjer også at historiene og kulturane som innflyttarar til Noreg har arva, og som dei fører vidare i samtida, ikkje vert rekna som del av den felles historia og kulturarven.

IRV vil difor oppmode Departementet om å tenkje nøye gjennom kva ein er tent med å inkludere i religionshistoria og kulturarven når den nye læreplanen skal utformast. Særleg må ein oppmode Departementet om å sjå dette i lys av faget si overordna målsetjing om å inkludere *alle* på like premisser. IRV ser ein klår parallell mellom grunnlaget for Den europeiske menneskerettsdomstolen sin konklusjonen om at kristendom har vorte gitt ein

privilegert plass i faget, og argumentasjonen som no vert vidareført om at kristendommen har ein unik plass i historia.

Tromsø, 31.01.2008

Hans Petter Clemetsen
kontorsjef